



Arkivnr: 2014/13889-38

Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		27.04.2016

Tilskot til punktutbetring og trygg skuleveg - 10 mill. kr

Samandrag

Fylkestinget sette av 31,3 mill. kr til punktutbetring og trygg skuleveg i *PS 95/2015 Årsbudsjett 2016/økonomiplan 2016-2016*. Totalsummen på 31,3 mill kr vart todelt, - der størsteparten av midlane (21,2 mill kr) vart sett av til konkrete tiltak utført på fylkesvegnettet av Statens vegvesen, medan ein tredjepart (10 mill kr) av midlane vart gjort søkbare for kommunane. Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fekk ansvaret for denne tilskotsordninga, og søknadsfristen vart sett til 1. april 2016. Innan fristen kom det inn 26 søknader frå totalt 17 kommunar. Søknadssummen var på 24,0 mill. kr.

Dei aller fleste tiltaka omhandlar utbetring av busslommer, rekkverk, fortau, gangfelt, vegljøs og siktutbetring. For nokre av dei største tiltaka kan det synast som om kostnadsramma er noko låg sett i høve til det tiltaket faktisk inneber. Ut frå at det er kommunane som er byggherre, er dei ansvarlege for at dei aktuelle tiltaka vert gjennomført som omsøkt. Kommunane er og ansvarleg for kostnadane.

I vurderinga av søknadane har Statens vegvesen hatt ei svært viktig rolle gjennom sin faglege analyse og kunnskap om trafikksikringstiltak på vegnettet.

Forslag til vedtak

1. FTU ser positivt på at ein har fått inn så mange gode søknader, og ber fylkesrådmannen arbeide vidare med dei tiltaka som ikkje fikk tilsegn i tida som kjem.
2. FTU ber om at det vert gjort ei evaluering av tilskotsordninga.
3. FTU gjev tilsegn til følgjande søknader:

Nr.	Kommune	Namn på tiltaket	Omtale av tiltaket	Innstilling
1	ASKØY	Storeklubben X Stongafjellet	Dårleg kobling m/m fv fortau/gangveg og kv. Kryssing for fotgjengere er for skrå og lang over kv. Skuleveg.	600 000
2	AUSTRHEIM	Utbetring for mjuke trafikantar ved Tresvik- og Fønneskrysset	Oppgradering av kryss. Fortau, busslommer.	1 263 750
3	BØMLO 1	Tiltak a, b, c, og d på same fylkesveg - FV 23	Veglys, kantstopp, siktutbetring.	250 000
4	ETNE 2	Punktutbetring FV 34 Ebne	Rekkverk på bru og støpekantar langs vegen.	350 000

5	FUSA 1	Utbedring sving på Tombre, FV 48	Utbedring av sving. 60 meter. Feil tverrfall. Utbedring og ny asfalt.	400 000
6	KVAM 1	Oppgradering av kryss og gangfelt langs Fv 7/Nedre Vik-vegen i Øystese sentrum	Utbedre kryssing for skuleborn. Manglar overgang og ønskje om meir lys.	228 750
7	KVINNHERRAD 2	Langgåta X Husnes Industriområde	33 veglys.	1 700 000
8	LINDÅS	Punktutbedring langs skuleveg FV 402 Seim mot Feste	Bergnabb, rekkverk, utviding av sving, sikt, fjerne vegetasjon.	2 000 000
9	RADØY	Hordabø skule - idrettsbana - veglys	Veglys mellom skule og idrettsplass	378 000
10	VAKSDAL	Punktutbedringar FV 343 til E16 til Norgesmøllene/Felleskjøpet - trygg skuleveg	Ulike ts-tiltak.	1 000 000
11	VOSS	Utbedring av busslomme ved Gjernes skule	Utbedring av busslomme.	1 296 792
12	ØYGARDEN	Flytting av busshaldeplass på FV 561 - Toftøy	Flytting av busshaldeplass.	600 000
	OPPSUMMERT			10 067 292

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Alle søknader -Tilskot til punktutbedring og trygg skuleveg

Fylkesrådmannen, 04.04.2016

Bakgrunn

Fylkestinget sette av 31,3 mill. kr til punktutbedring og trygg skuleveg i *PS 95/2015 Årsbudsjett 2016/økonomiplan 2016-2016*. Totalsummen på 31,3 mill kr vart todelt, - der størsteparten av midlane (21 mill kr) vart sett av til konkrete tiltak utført på fylkesvegnettet av Statens vegvesen, medan ein tredjepart (10 mill kr) av midlane vart gjort søkbare for kommunane. Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fekk ansvaret for denne tilskotsordninga, og søknadsfristen vart sett til 1. april 2016. Innan fristen kom det inn 26 søknader frå totalt 17 kommunar. Søknadssummen var på 24,0 mill. kr.

Dei aller fleste tiltaka omhandlar utbetring av busslommer, rekkverk, fortau, gangfelt, vegljøs og siktutbetring. For nokre av dei største tiltaka kan det synast som om kostnadsramma er noko låg sett i høve til det tiltaket faktisk inneber. Ut frå at det er kommunane som er byggherre, er dei ansvarlege for at dei aktuelle tiltaka vert gjennomført som omsøkt. Kommunane er og ansvarleg for kostnadane.

I vurderinga av søknadane har Statens vegvesen hatt ei svært viktig rolle gjennom sin faglege analyse og kunnskap om trafikksikringstiltak på vegnettet.

Kriteria sett til tiltaka

Intensjonen bak midlane er punktutbetring og trygg skuleveg, og dette var ein føresetnad ved tildeling av midlane. Det er kommunane sjølv som skal ha ansvaret for gjennomføringa av tiltaket, og det er difor viktig med ein god dialog mellom kommunen og Statens vegvesen. Vidare vart det opna for at kommunen sjølv kunne vere med å dekke delar av tiltaket. Dette måtte i så tilfelle opplysast om i søknaden.

Krav til tiltaket:

- Tiltaket må skje på fylkesvegnettet.
- Tiltaket må ferdigstillast i løpet av 2016.
- Tiltaket må omfatte punktutbetring og/eller trygg skuleveg.
- Ferdig planlagte prosjekt vil verte prioritert.
- Kommunen er ansvarleg for gjennomføringa. Dette må skje i nært samarbeid med Statens vegvesen.
- Tiltaket må vere forankra hjå ordførar, kommunestyret eller i den kommunale trafikksikringsplanen.
- Tilskotssummen vil maks kunne vere på 2 mill. kr.

Kort om søknadane og formelle krav

Totalt sett er det søkt om mange gode tiltak, og denne tilskotsordninga fungerer slik sett etter føremålet. Det er inga tvil om at kommunane ser eit stort behov for å få gjort utbetringar på fylkesvegnettet. Dei 26 tiltaka er ulike både i type, omfang og kostnader. Tiltaka deler seg likt mellom ytre og indre strok av fylket. I ni av tiltaka opplyser kommunen at dei tek delar av totalkostanden.

I Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune si vurdering av søknadane er det særleg lagt vekt på den trafikkfaglege delen av tiltaket, saman med intensjonen om punktutbetring og trygg skuleveg. Samstundes har den økonomiske kostnadsramma som kommunane har sett på dei einkilde prosjekta vore vurderert, - ikkje minst gjeld dette dei største tiltaka som krev særleg detaljering og kostnadsoverslag.

Ut frå at det er kommunane som er byggherre, er dei også ansvarlege for at dei aktuelle tiltaka vert gjennomført som omsøkt. Kommunane er og ansvarleg for kostnadane.

Kommunane må sende detaljerte planar til Statens vegvesen for godkjenning. For enkelte av tiltaka kan det vere aktuelt at kommunen og Statens vegvesen inngår gjennomføringsavtalar.

Nokre av tiltaka omfattar ny skilting, og med det krav om skiltvedtak frå Statens vegvesen. Skiltplanane (og skiltinga) må vera i tråd med sentrale skiltnormalar. Tiltak som omfattar ny skilting krev difor skiltvedtak frå Statens vegvesen.

I vurderinga har det vore viktig å løfte fram dei tiltaka som vil gje best trafikksikringseffekt innanfor dei rammene som er sett. For dei kommunane som har søkt om fleire tiltak er ikkje i like stor grad teke omsyn til kommunen si eiga prioritering.

Tabelloversikt over søknadane

Nr.	Kommune/pri.	Namn på tiltaket	Totalkostnad	Søknadsbeløp	Omtale av tiltaket	Innstilling
1	ASKØY	Storeklubben X Stongafjellet	600 000	600 000	Dårleg kobling m/m fv fortau/gangveg og kv. Kryssing for fotgjengere er for skrå og lang over kv. Skuleveg.	600 000
2	AUSTEVOLL 1	Trafikksikring Haugneset, Torangsvågen	1 500 000	1 500 000	Utbetring av busshaldeplass for 40 skuleborn etter skulenedlegging.	
3	AUSTEVOLL 2	Trafikksikring v/ brufestet Austevollbrua	750 000	750 000	Overgangsfelt, skilt og redusere fartsgrense frå 80-50 km/t.	

4	AUSTEVOLL 3	Trafikksikring ved rundkjøringa, Austevollshella	700 000	700 000	Skilt, fartsreduksjon, fortau og oppmerking. 20 born.	
5	AUSTRHEIM	Utbetring for mjuke trafikantar ved Tresvik- og Fønneskrysset	3 113 750	1 913 750	Oppgradering av kryss. Fortau, busslommer.	1 263 750
6	BØMLO 1	Tiltak a, b, c, og d på same fylkesveg - FV 23	295 000	250 000	Veglys, kantstopp, siktutbetring.	250 000
7	BØMLO 2	Justering/flytting av busslomme, Innvær FV 541	282 000	240 000	Justering av busslomme - flytting av anna busslomme.	
8	BØMLO 3	Oppføring av autovern, erstatning for gamal Vernemur ved Våge barneskule og kryss Hidle FV 541	100 000	85 000	Oppføring av autovern, erstatning for gamal Vernemur ved Våge barneskule og kryss Hidle.	
9	ETNE 1	Kryss Elektrosenter	350 000	350 000	Forleng eksisterande fortau, etablere betongrekkverk/ledegjerde, skilting og merking.	
10	ETNE 2	Punktutbetring FV 34 Ebne	350 000	350 000	Rekkverk på bru og støpekantar langs vegen.	350 000
11	FUSA 1	Utbetring sving på Tombre, FV 48	400 000	400 000	Utbetring av sving. 60 meter. Feil tverrfall. Utbetring og ny asfalt.	400 000
12	FUSA 2	Lys Hovdattunnelen, Femanger, FV 121	1 250 000	1 250 000	Lys i tunnel.	
13	KVAM 1	Oppgradering av kryss og gangfelt langs Fv 7/Nedre Vik-vegen i Øystese sentrum	228 750	228 750	Utbetre kryssing for skuleborn. Manglar overgang og ønskje om meir lys.	228 750
14	KVAM 2	Veglys på punkt og strekkjer i Kvam	360 000	360 000	Veglys på FV 48 og FV 130.	
15	KVINNHERAD 1	Gjermundshamn ferjekai	250 000	200 000	Avgrensing og fortau på kaiområdet og opp mot venterom/busshaldeplass.	
16	KVINNHERAD 2	Langgata X Husnes Industriområde	1 700 000	1 700 000	33 veglys.	1 700 000
17	KVINNHERAD 3	Løfallstrand veglys og kantstopp (buss) for skuleborn	1 200 000	1 200 000	Veglys og kantstopp for buss.	
18	LINDÅS	Punktutbetring langs skuleveg FV 402 Seim mot Feste	2 200 000	2 000 000	Bergnabb, rekkverk, utviding av sving, sikt, fjerne vegetasjon.	2 000 000
19	OS	Gang og sykkelveg	2 200 000	2 000 000	Etablering av gang og sykkelveg langs FV 160 Hjorthaugen-Adnadalen. 600 meter.	
20	RADØY	Hordabø skule - idrettsbana - veglys	378 000	378 000	Veglys mellom skule og idrettsplass	378 000
21	SUND	Trafikksikring ved Sund ung.skule og Stranda skule	5 550 000	2 000 000	Sikre område, busshaldeplass og snuområde/parkering for privatbil.	
22	ULLENSVANG	Veglys FV 101 Sekse	700 000	700 000	Veglys, 2,5 km.	
23	ULVIK	Gangveg Tyssevikevegen	5 500 000	2 000 000	Etablere fortau. I tillegg felles tilkomstvegar og sanering av eksisterande avkøyrslar.	
24	VAKSDAL	Punktutbetringar FV 343 til E16 til Norgesmøllene/Felleskjøpet - trygg skuleveg	1 000 000	1 000 000	Ulike ts-tiltak.	1 000 000
25	VOSS	Utbetring av busslomme ved Gjernes skule	1 296 792	1 296 792	Utbetring av busslomme.	1 296 792
26	ØYGARDEN	Flytting av busshaldeplass på FV 561 - Toftøy	600 000	600 000	Flytting av busshaldeplass.	600 000
	OPPSUMMERT		32 854 292	24 052 292		10 067 292

Fylkesrådmannen sine vurderingar

Målsetjinga for desse midlane var å få utbetre særleg farlege punkt på fylkesvegnettet, samt å trygge skulevegane.

Ut frå dei midlane som er til disposisjon er det ikkje rom for å gje tilskot til alle dei 17 kommunane innanfor denne støtteordninga og dei rammene som er tilgjengeleg for ordninga. Fleire av tiltaka vil fylkesrådmannen arbeide for å få realisert i tida som kjem. Dette kan anten vere som ein del av dei årlege plan- og byggeprogramma, eller som ei eventuell vidareføring av tilskotsordninga. Fylkesrådmannen vil gjennomføre ei evaluering av tilskotsordninga og kome attende med den.

Når det gjeld dei konkrete tiltaka vil ikkje fylkesrådmannen gje ei konkret vurdering av dei einskilde tiltaka, men slå fast at i hovudsak er dei omsøkte tiltaka frå kommunane innanfor kriteria som er sett for ordninga. Kvaliteten på søknadane varierer. Nokre av søknadane ligg på kommunal eller statleg veg. Desse har ikkje fått tilskot. I nokre saker er det vanskeleg å setje grensa mellom kva som er på kommunal veg og fylkesveg. Dette gjeld mellom anna der kommunal veg kryssar fylkesveg.

Når det gjeld veglysanlegg vil dette og bli tema i rullering av strategi for drift og vedlikehald. Fylkesrådmannen tek sikte på at dette strategidokumentet kjem til handsaming i løpet av året. Det blir vurdert å ta ei eiga orientering for FTU om dette. Tiltaket som Os kommune har søkt ligg og inne i søknad til Samferdselsdepartement om forenkla GS-tiltak. Fylkesrådmannen vil avvente til ein får tilbakemelding frå departementet på kva ein skal ta dette vidare.

Det er viktig å merke seg at dersom prosjektet overstig kostnadsramma som kommunen har sett i søknaden, ligg ansvaret for dette hjå kommunen sjølv.